

Sakshandsamar:

Idar Sagen
E-post: idar.sagen@sfj.no
Tlf.: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 14/967-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

4201/14

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 04.02.2014

**Kommunane i Sogn og Fjordane
Organisasjonar som driv haldningsskapande arbeid
Bygge- og eigedomstenesta, internt**

Fylkeskommunalt ENØK-fond - utlysing av støttemidlar for 2014

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretta i 2003 eit ENØK-fond med ein grunnkapital på 10 millionar kroner. 2004 var første året med tildeling frå fondet. Det er tildeling frå fondet, éin gong kvart år. Fylkesutvalet er fondsstyre.

I tilknytning til tildelingsvedtaket i 2011 bad fylkesutvalet om evaluering av støtteordninga. Ei evaluering vart lagt fram for fylkesutvalet i samband med tildelinga frå fondet i 2012.

Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak 23.05.2012, sak 61/12:

Fylkesutvalet tek evalueringa av støtteordninga til orientering og legg til grunn at fylkeskommunen sin vidare innsats innafor dette saksområdet vert integrert i arbeidet med å følgje opp Klima og miljøplanen frå 2009.

Det er utarbeidd handlingsplan for perioden 2014-16 i tråd med Klima- og miljøplanen. Her er det sagt at tildelinga frå ENØK-fondet skal halde fram til fondet er tomt.

Tiltak som kan støttast er ENØK-analyser, ENØK-investeringar i bygningar og driftsanlegg, opplæring av nøkkelpersonell, samt haldningsskapande arbeid/informasjon retta mot innbyggjarane i fylket. For søknader om støtte til investeringar i bygningar og driftsanlegg, vil det normalt bli stilt krav om gjennomført ENØK-analyse av nyare dato (ikkje eldre enn 2-3 år). Med unntak for haldningsskapande arbeid/informasjon, er støtteordninga berre tilgjengeleg innafor kommunalt og fylkeskommunalt verkeområde. Vedtekter for fondet ligg ved.

Søknad om støtte til investeringar i bygningar og driftsanlegg må settast opp slik at energisparepotensialet ved dei ulike tiltaka kjem tydeleg fram. Søkjar må gje opp samla kostnader til det einstilte tiltak/tiltaka. Satsane for å gje støtte, går fram av vedlegg, med nokre tilpassingar:

- Støttesats for skifting av vindauge og ytterdører er 5%. U-verdi skal vere betre enn 1,2.
- Varmepumpe – frå luft til vatn er ikkje nemnt. Her vert det praktisert same satsar som for jord/fjell til vatn.
- Behovsstyring, luftbehandlingsanlegg: satsane gjeld både styring ved bruk av ur og behovsstyring.

Tidlegare saksutgreiingar og vedtak kan søkjar hente frå www.sfj.no ved menyval Politiske saker - > Fylkesutvalet. Aktuelle saker dei siste frie åra er: 50/10 (28.04.2010), 50/11 (27.04.2011), 61/12 (23.05.2012) og 64/13 (26.06.2013).

Kommunane får refundert meirverdiavgift. For dei tiltaka der støtte vert rekna i prosent av tiltakskostnad, er berekningsgrunnlaget å forstå som kostnader eksklusive meirverdiavgift.

Sidan støtteordninga vart sett i verk i 2004, er det mange tildelingar som ikkje er utbetalt. Dette av di aktuelle tiltak ikkje er gjennomført innan gjeven frist. Restmidlar frå 2012-tildelinga og tidlegare er tilbakeført til fondet.

Vi ber om at søkjarar som fekk støtte under 2013-tildelinga og som enno ikkje er løyst ut, opplyser om status for tiltaka. Midlar frå 2013-tildelinga som ikkje er utbetalt pr. utgangen av 2014, vert verande i fondet.

Søknadsfristen er 1. april 2014. Kontaktperson hjå oss er Idar Sagen., Tlf. 57 88 47 54.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

- 1) Vedtekter
- 2) Satsar

Send søknad til Enova !

Enova-program som kan vere aktuelle, er m.a. støtte til kartlegging av potensiale for energieffektivisering og fysiske tiltak i eksisterande bygg og anlegg:

<http://www.enova.no/finansiering/naring/offentlige-bygg/kartleggingsstotte/86/0/>

og

<http://www.enova.no/finansiering/naring/offentlige-bygg/stotte-til-eksisterende-bygg/629/0/>